



Innspel frå FOKUS-institutta til Forskningsrådet si rolle i det norske forskingssystemet

FOKUS-institutta (Nordlandsforskning, Møreforskning, Telemarksforskning, Norsus og Vestlandsforskning) takkar for høvet til å gje innspel til Forskningsrådet si rolle og funksjonar i det norske forskingssystemet. Vi støttar FFA sine innspel, men vi spelar her inn nokre tilleggsmoment.

1. Forskningsrådet sin meirverdi i det norske forskingssystemet

For å møte store, tverrgåande samfunnsutfordringar, treng vi eitt Forskningsråd, som samordnar nasjonale forskingsbehov og gjer heilskaplege prioriteringar. Forskningsrådet har ei viktig rolle som rådgjevar og premissleverandør til utvikling av forskingspolitikk og planverk.

FOKUS støttar FFA si tydelege vektlegging av behovet for sterkare koordinering mellom departementa om tematiske og budsjettmessige forskingsprioriteringar for å møte samfunnsutfordringar på ein kraftfull måte. Sektorprinsippet står sterkt i norsk forvaltning, og det er ein risiko for at forskingsretta verkemiddel blir nedprioritert når statsfinansane blir strammare og prioriteringane mellom ulike føremål blir tøffare framover. Det er behov for gode arenaer både politisk og administrativt mellom departementa for å styrke samordninga av forskingsprioriteringar og å auke kunnskapen om Forskningsrådet si rolle, om samordningseffektar og om resultata av dei store midlane som staten legg inn i forskinga via Forskningsrådet. Det er viktig at Forskningsrådet blir kopla på, og får kunnskap om prosessar i andre departement enn KD som har relevans for forsking, og som gir føringar for forskingsfeltet.

For å auke kunnskapen om og tilliten til Forskningsrådet hjå politikarar, forvaltning, næringsliv og i FoU-sektoren, er det viktig at Forskningsrådet framstår som ein transparent organisasjon, med stor grad av openheit om sine prioriteringar og kriterium for tildelingar.

2. Funksjonar det er viktig at NFR tek i vare i norsk forsking og innovasjon framover

FOKUS støttar FFA sin uttale, og særleg omtalen av ei tydelegare arbeidsdeling mellom UH- og instituttsektoren.

3. Moglege forbetningspunkt

FOKUS-institutta støttar dei momenta FFA har trekt fram.

Vi ønskjer å understreke viktigheita av at heile Forskningsrådet har kunnskap om instituttsektoren. Det er særstakt viktig at rådet har mekanismar for å spreie og dele den kompetansen som finst om instituttsektoren i avdeling for forsking og innovasjonssystemet til heile organisasjonen.

FOKUS-institutta opplever òg at det er behov for auka kunnskap i Forskningsrådet om tydinga av dei regionale innovasjonsmiljøa som instituttsektoren er med på å byggje opp om. Det er



viktig at rådet anerkjenner gode forskingsmiljø som har relevans for verdiskaping, innovasjon og utvikling over heile landet. Noreg har mange små kommunar, og ein geografisk spreidd og differensiert næringsstruktur med mange små og mellomstore bedrifter. FoU-aktivitet i bedrifter og kommunar i Noreg er sterkt koncentrert til dei mest sentrale områda i landet, og det er behov for å auke aktiviteten i heile landet. Forskingsinstitutta har, saman med fylkeskommunar og det regionale verkemiddelapparatet, gode føresetnader for å mobilisere bedrifter og kommunar til å auke FoU-aktiviteten. Det er heilt avgjerande at det finst verkemiddel som stimulerer til samarbeid og prosjektutvikling mellom forskingsinstitutt og kommunar og bedrifter med ulik modenhet når det gjeld FoU-aktivitet.

Forskningsrådet sine regionale representantar spelar ei viktig rolle i det regionale innovasjonssystemet. Det er viktig at kutt i driftsmidlar til Forskningsrådet ikkje rammar denne funksjonen i for stor grad.

Vi er einige i FFA sine synspunkt om at næringsretta ordningar, som IPN og Skattefunn, må føresetje samarbeid med godkjend forskingsmiljø, og SFI bør utvidast med fleire tematiske innretningar. Det er også stort behov for å arbeide med innovasjon i offentleg sektor, og det bør bli ei større opning for å inkludere offentlege verksemder i SFI-ordninga.

FOKUS-institutta meiner det er viktig at Forskningsrådet held fram arbeidet med digitalisering og forenkling, for å redusere unødvendig tidsbruk på administrative oppgåver i heile sektoren og for å sikre at mest mogleg av ressursane går til forsking.

Det er bra at Forskningsrådet med jamne mellomrom set i gang evalueringar av instituttsektoren og på fagområde for å sikre god kvalitet og sjå på forbetringspotensial både i organisasjonar og samarbeidsrelasjonar. Samstundes opplever vi at dei som evaluerer har mest innsikt i UH-sektoren og mindre i instituttsektoren. Evalueringane blir dermed ikkje så målretta og nyttige.

4. Funksjonar det er viktig å bevare og styrke

Her støttar vi FFA sine bevaringspunkt. Forskningsrådet er ein særskilt viktig rådgjevar og premissleverandør til forskingspolitikken. Det er viktig at Forskningsrådet er aktivt til stades i internasjonale organ og representerer norske interesser der. Samstundes er det viktig at Forskningsrådet bidreg aktivt inn mot regjering og Storting for å auke kunnskapen om effekten av norske investeringar i EU-programma.

FOKUS-institutta opplever at Forskningsrådet har ei viktig rolle i å rettleie forskingsmiljøa om EU sine program. Denne funksjonen har vore heilt avgjerande for den høge returandelen til norske forskingsmiljø, og det er ein risiko for at den kan bli svekka ved kutt i driftsmidlane til Forskningsrådet.

Retur-EU er avgjerande for at norske forskningsinstitutt kan delta i EU sine rammeprogram og hente heim forskingsmidlar frå EU. Det er også særskilt viktig for instituttsektoren å behalde PES-ordninga, som gir støtte til prosjektetablering og posisjonering inn mot Horisont Europa.



Organisasjon for forskningsinstitutter
i regionene

Sogndal, 30.08.2023

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Anne Karin Hamre".

Anne Karin Hamre
Styrelseiar FOKUS / direktør Vestlandsforskning

Agnes Gundersen
Direktør Møreforskning

Ellen-Marie Forsberg
Direktør Norsus

Ailin Aastvedt
Kst. direktør Telemarksforskning

Iselin Marstrander
Direktør Nordlandsforskning

